

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
065/23	Formannskapet	PS	06.09.2023
	Heradsstyret	PS	
047/23	Ungdomsråd	PS	04.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	23/2452

Forlenging av Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert forlenga til å gjelde ut 2025.

Ungdomsråd - 047/23

UR - behandling:

Leiar for Kultur og mangfald la fram saka.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak. Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 065/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Formannskapet innstiller på at gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert forlenga til å gjelde ut 2025.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

For at anlegg for fysisk aktivitet, idrettsanlegg og nærmiljøanlegg skal ha mogelegheit for å bli tildelt spelemidlar, er det krav om at kommunen må ha ein vedteken kommunedelplan i Idrett og fysisk aktivitet.

Bakgrunn

Osterøy kommune sin kommunedelplan gjekk ut i 2019, og har sidan den gang blitt forlenga for eit år om gangen. Det vart starta opp arbeid med ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i 2021, men denne var stoppa i juni 2023, jamfør sak 053/23. Bakgrunnen for at denne vart stoppa, er vurderinga av at ei eigarskapsmelding for anlegg må verte vedteken før ein kan fullføre planen, samt

at ein ynskjer å utvide planen til òg å gjelde kulturfeltet.

Vurdering

Administrasjonen ber heradsstyret forlenge gjeldande kommunedelplan ut 2025. Det er ikkje venta at ein har klar ny Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, inkludert kultur, innan 1. januar 2026, men ein bør då komme tilbake til heradsstyret med ny orientering om status.

Folkehelse

Det er god folkehelse i ein plan for kva anlegg for idrett og fysisk aktivitet som skal prioriterast i åra som kjem.

Miljø

Ikkje vurdert.

Økonomi

For at anlegg for fysisk aktivitet og idrett skal verte utvikla i Osterøy kommune, er ein avhengig av at anlegga vert tildelt spelemidlar.

Konklusjon

Gjeldande kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet vert forlenga til å gjelde ut 2025.